



NVE-
Konsesjonsavdelinga,
Postboks 5091, Majorstua
0301 OSLO

SAND, 24. Februar 2014

J.nr. 31/14/AG
A.nr. 654.2

D.ref.: 201300096-13/201206054-12/200905221-14
201300229-17/201300221-13/201300135-11
201204813-12/201005716-14/201208252-7/ksk/auko
Arkiv: 312

Fråsegn. Søknad om bygging av kraftverk i Suldal kommune.

Samla vurdering av nettkapasitet:

Søker	Kraftverk	Kommune	MW	GWh
Bekk og Strøm AS	Bjergaelva	Suldal	5,0	13,70

Dette Kraftverket ligg i Suldal kommune på Nordsida av Hylsfjorden, her er det Haugaland kraft som har områdekonsesjon og som må gi uttale.

Søker	Kraftverk	Kommune	MW	GWh
Fjellkraft AS	Nyastøljuvet	Suldal	1,30	3,4

I dette området har ikkje Suldal Elverk distribusjonsnett. Statkraft har ei 22kV linje som går frå Saurdal stasjon og inn til Lauvastølsvatnet like ved omsøkt kraftverk, reknar med at dei har konsesjon på denne. I følge Statkraft så er det kapasitet nok på denne linja til eit kraftverk på 1,3MW. Det er fortsatt ledig trafokapasitet i Saurdal stasjon.

Søker	Kraftverk	Kommune	MW	GWh
Blåfall AS	Sabakkeelva	Suldal	3,60MW	9,90

Det er i dag ikkje ledig kapasitet på vårt 22kV linje inn mot Moe trafostasjon i området der Sabakkeelva skal koplatt til i vårt distribusjonsnett, dette grunna tidlegare utbygd småkraftproduksjon i området. Skal Sabakkeelva kraftverk koplatt til vårt nett så må ca. 3km av vår eksisterande 22kV linje inn mot Moe stasjon forsterkast. Det må i tillegg byggast ei ny ca. 2,0km lang 22kV straumforsyning fram til dette kraftverket frå eksisterande 22kV nett for at kraftverket skal få nettilknytning. Det er fortsatt ledig trafokapasitet i Moe stasjon.

Kontoradresse
Postvegen 9
4230 SAND

Postadresse
Postboks 134
4239 SAND

Telefonar
Sentralbord 52 79 26 00
Telefax 52 79 26 01
E-post agr@sev.no

Bankkonto
3202 07 03120
Foretaksnr. 971 034 998 MVA

Søker	Kraftverk	Kommune	MW	GWh
Bråtveit Kraft SUS	Bråtveit	Suldal	3,1	11,40
Haugaland kraft AS	Tysdal	Suldal	2,65	7,88

I Nesflaten området der desse kraftverka er tenkt bygd ut er det ikkje nettkapasitet eller trafokapasitet for tilknytning av småkraftproduksjon. Vi samarbeider med Odda Energi og Statnett for å få til eit felles tilkoplingspunkt i Røldal (Lynghammer) 22/300kV mot sentralnettet for all ny småkraftutbygging i Nesflaten området, Brattlandsdalen og Røldals området. Det er utført fleire nettstudier og det er holdt fleire møter med aktuelle utbyggjarar. Suldal Elverk, Odda Energi og Statnett har og hatt fleire møter vedr. dette. I tillegg har Statnett søkt og fått konsesjon på ny trafo i Røldal. Ein ventar no på ei avklaring om det blir gitt løyve til småkraftutbygging i Røldal og øvre Suldals området og kor stor denne produksjonen blir med tanke på samfunnsøkonomi, kor mykje av eksisterande 22kV distribusjonsnett som må forsterkast og fastsetting av anleggsbidrag. For at desse kraftverka skal kunne koplast til vårt 22kV distribusjonsnett så må det fyrst lagast bindande avtalar med alle utbyggarane om dekking av kostnad som anleggstilskota for desse investeringane i 22kV nettet. Så må transformator i Røldal etablerast og 22kV linja opp Brattlandsdalen frå Nesflaten til Røldal må forsterkast.

Søker	Kraftverk	Kommune	MW	GWh
Småkraft AS	Tysseelva	Suldal	5,44	17,2

Suldal Elverk som nettselskap er positiv til utbygging av Tysseelva kraftverk. Det er viktig at kraftverket vert bygd slik at forsyningssikkerheten i området vert styrka. I dag blir området Jelsa/Erfjord forsynt over 66 kV-linja frå Hjorteland til Tysingvatn. Ved utfall på denne linja har vi ikkje full reserveforsyning som dekker forbruket i dette området. For Suldal Elverk vil ei utbygging vere interessant utifrå omsynet til sikker straumforsyning. Ei kraftutbygging i dette området vil styrke leveringssikkerheten i Jelsa-området, noko som vil vere særskild gunstig for industriområdet på Berakvam (Norsk Stein). Søknaden frå Småkraft gjeld eit reint elvekraftverk utan nokon form for regulering av Ullsvatn. For at kraftverket skal ha full verdi som reserveforsyning, er det avgjerande at det, uavhengig av nedbør, kan verta liggjande eit visst magasin med ei vassmengde som ikkje skal rørast utan at den ordinære straumforsyninga i området fell ut. Det er i dag ledig kapasitet på eksisterande 22kV i området og god trafokapasitet i Tysingvatn stasjon for innmating frå Tysseelva kraftverk.

Alle kraftverk som skal koplast til i vårt nett må vera med å dekke sin del av kostnaden (anleggstilskot) med forsterking og ny tilknytingslinje/kabel.

Når kraftverket elles følger våre generelle reglar og vilkår for tilknytning har vi ikkje andre merknader enn dette.

Med helsing
SULDAL ELVERK KF


Egil Bakke
elverksjef


Asbjørn Grønås
plansjef

Kontoradresse
Postvegen 9
4230 SAND

Postadresse
Postboks 134
4239 SAND

Telefonar
Sentralbord 52 79 26 00
Telefax 52 79 26 01
E-post agr@sev.no

Bankkonto
3202 07 03120

Foretaksnr. 971 034 998 MVA